

T/K

222

Hrr Riksarkivaren,

Oslo.

Etter munnleg pålegg skal underskrivne hermed leggja fram sitt syn på spursmålet um det til dette statsarkivet dei 10 - 12 siste åra har vorte innsendt arkivsaker som utan skade kann verta øydelagde.

Til svar vil ein fyrst gjera merksam på at det er vandt å svara med full tryggleik på dette spursmålet, fyrr ein har vunne å ordna upp dei embetsarkiva som har vorte innsende. Avleveringslistone kann ein nemleg ikkje heilt ut lita på. Når embetsarkiva vert ordna, kjem mangt for dagen, som desse listone ikkje nemner. På den andre sida er sumt burte av saker som står oppførde i avleveringslistone.

Det har synt seg at når ein kjem til endes med nyordninga av eit embetsarkiv, vert det att ein slump papir som ein ikkje veit kva ein skal gjera med. Det kann vera heil- og halvprivate brev, rekneskapsbøker o.s.b., som har vorte nytta av vedkomande embetsmann. Slike saker har sjølv-sagt ingen offentleg interesse. Men vi har ikkje vilja øydeleggja desse heil- og halvprivate ting. Dei kann verta til nytte for folk som granskar ætte- og personsoga. Dertil kjem at dette "hopsopet" er so lite ruvande at det mest ingen rolle spelar for hylleromet i magasina um ein slik pakke får stå der.

I domararkiva finn ein etter måten lite av embets-

brev (journalsaker). Og i motsetnad til brevsakerne i fut- og amtmannsarkiva er desse breva åt sorenskrivarane heller lite nytta no. Men ein vågar like vel ikkje å koma med framlegg um kassasjon av journalsakerne i sorenskrivararkiva. Det hender nemleg at vi må leita i brevpakkane der etter originale skøyte og andre dokument som har vorte innsende til tinglesing, men som av ein eller annan grunn ikkje er komme inn i panteboka. Det er sjølv sagt sers sjeldan at so verdfulle dokument ligg i ein pakke brev i eit sorenskrivararkiv. Men det hender. Og difor bør ikkje desse saker i noko høve verta øydelagde fyrr pakkane er grundig gjennomleita, med sikte på utskiljing av verdfulle heimelsdokument og liknande. Heller ikkje journalsakerne i domararkiv tek mykje rom. Det kann i høgda svinga um eit par meter pr. embete, so mogleg øydeleggjing munar lite når det gjeld å skaffa meir hyllerom i eit arkivmagasin.

I sume domararkiv finst protokollar med vedlegg som skriv seg frå overformyndarverket. Desse saker er ikkje mykje nytta. Men det hender i vridne arvesaker at ein må leita der, so ein finn det ikkje rådleg å øydeleggja desse sakerne heller.

Resten av domararkiva er hovudsakleg rettsbøker med vedlegg. Det segjer seg sjølv at ingen ting av slike saker kann verta øydelagt med vilje.

Futearkiva kann ein nok rekna for mindre verdfulle enn sorenskrivararkiva. Det skil seg elles noko kva slag møtestav ein nyttar. Futane hadde i eldre tid med praktisk tala all slag lokaladministrasjon å gjera. Dertil

kom at desse embetsmenn spela ein viktig rolle i retts- og politistellet. Etter kvart som den bygdehistoriske granskinga har trengt djupare ned i stoffet, har futearkiva stige i kurs. Ogso domstolane krev etter kvart meir og meir tilfang frå futearkiva. Ein skal berre nemna høgfjellskommissjonen og ålmenningssakerne i nyaste tid, so vert det straks klårt kva futearkiva kann vera tenlege til.

Her i statsarkivet har det enno ikkje vorte høve til å ordna ferdigt noko av dei nyinnsende futearkiva. Ein har soleis ikkje fullt oversyn over innhaldet. Men so mykje kann ein segja alt no at det ikkje vil vera rådleg å øydeleggja noko nemnande av arkivstoffet i desse embetsarkiva heller.

Det som her er sagt um futearkiva, gjeld i endå større mun amts- eller fylkesmannsarkiva. Fullt oversyn får ein ikkje over desse innhaldsrike arkiva fyrr dei har vorte nyordna. Det som er gjort av ordningsarbeid, peikar tydeleg i den leid at det her ikkje er mykje å vraka. Det finst i amtmannsarkiva ein slump utskrivingslistor, som vel i nokon mun er dublettar til liknande listor førde av krigskommis-sarane. Dette kann ein ikkje få fastslege før arkivsakerne frå dei sistnemnde embetsmennene er innkomne, so ein får høve til samanlikning. Til det er skjedd, bør utskrivingslistone i amtmannsarkiva få vera i fred.

Det finst i dei fleste amtmannsarkiva ei ruvsam rekkje av "generalutskrifter", det vil segja utskrifter av møtebøker for heradstyre og formannskap. Innhaldet står altso i møtebøkerne i kommunearkiva. Hadde desse møtebøkerne

alle stader vore berga, kunde ein kanskje ha skote ut desse "generalutskriftene". Men, som stoda faktisk er, vil øydeleggjing av desse utskriftene vera uforsvarleg.

Det same gjeld rekneskapssakene i amtmannsarkiva. Dei krev store rom ; men ein kann ikkje skyta deim ut. Den økonomiske sida av den lokale samfunnsutviklinga vert i so fall liggjande i myrker. Det prenta tilfanget (5-årsmeldingar , amtstingsforhandlingar o.s.b.) strekk ikkje til når ein skal taka granskinga grundig.

Um dei militære arkivsakerne kann ein under eitt segja at dei har ikkje sers stort praktiskverd. Men desse rullar, ordre- og meldebøker, rapportar, journalar, kopi-bøker, rekneskapssaker o.s.b. er ikkje lite nytta av granskarar. Ein finn difor ikkje at ein kann peika ut nokon part av dei militære arkiva som er so verdlaus at det kann verta tale um øydeleggjing.

Av geistlege arkivsaker har det ikkje vorte inn-sendt hit sers mykje dei siste 10 - 12 åra. Det som har kome, er hovudsakleg kyrkjebøker. Av journalsaker er det innkome so lite at det mest ikkje er nemnande. Bispane (og stifts-direksjonane) har sendt det meste. Men av deira brevskap torer det vera urådleg å vraka noko. Det same gjeld brev-pakkane frå skuledirektørane. Protokollane frå desse embete og instansar nemner ein ikkje i dette høve, av di den sort saker aldri kan verta øydelagde "med vilje og velberåd hu".

Resultatet av den gjennomgåinga som ein no har gjort, med sikte på utpeiking av arkivsaker ein forsvarleg

kunde øydeleggja, har altso for dette statsarkivet sin part vorte dette, at det fyrebils ikkje er mogeleg å peika ut nokor nemnande mengd av arkivtilfanget vårt som er so verdlaust at ein utan skade torer kassera det. Viss i si sak i so måte kann ein ikkje verta fyrr alle dei embetsarkiva som dette statsarkivet har teke imot dei siste 10 - 12 åra, har vortè nyordna.

Då dette nyordningsarbeidet, med den arbeidsstyrken statsarkivet har i dag, vil taka mange år, kann ein ikkje segja at spursmålet um vraking av arkivtilfang er vidare aktuelt for dette statsarkivet i dag, so mykje meir som vi fyrebils har etter måten godt rom i arkivmagasina våre.

Trondheim, 5. november 1938.

*Anders Lodal*